

Årsmelding for 2020



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

INNHALD

Årsrapport for Bore sokneråd med rekneskap for 2020

Tilsette i 2020

Årsrapport for det diakonale arbeidet i Bore kyrkjelyd

Årsrapport for Kraftfôr

Årsrapport Bore barnekor

Årsrapport for ungdomsarbeidet og Håp

Årsrapport for søndagsskolen og Sprell levande

Årsrapport for det musikalske arbeidet

Årsrapport for Nådepuls

ÅRSRAPPORT FRÅ BORE SOKNERÅD

Året som vart så annleis

Ingen hadde vel tenkt at me i 2020 måtte avlyse mange gudstenester og samlingar, og i praksis stenge kyrkja i lange periodar. Men slik vart det. No ser me truleg «ljøs i tunellen» og vonar at me snart kan samlast att, utan restriksjonar på antal, og krav om avstand.

For nokre har tida vore tung og slitsam. Mange har kjent på einsemd og uro for framtid, jobb og økonomi. Samtidig har me hatt meir tid til overs, og familiar har hatt meir tid i lag. Vi har fått erfaring kor viktig det er med familie og nære relasjonar.

Hausten 2020 kunne me ha nokre gudstenester. Men me kunne diverre ikkje vera fleire enn 50 deltakarar. Sundagsskule kunne me ikkje ha fordi krava til smittevern er vanskeleg å tilfredsstille i lokala i kyrkjestoga. Kyrkjelyden i Bore er til vanleg ei forsamling av 3-4 generasjonar. Når me ikkje kunne ha sundagsskule så vart det i praksis berre dei vaksne som kom. Då vart det stille i kyrkja (alt for stille) og me kjende at me mangla den unge/yngrer generasjonen. For å bøta på dette vart det halde fleire barnegudstenester der kvar familie/kohort fekk «kvar sin benk».

Julevandring 20. desember

Sundag 20. desember var me samla att – alle generasjonar – ute. Julevandringa denne sundagskvelden vil mange huske med glede. 44 frivillige deltok og 222 møtte fram i løpet av dei to timane som vandringa strekte seg over. Julebodskapen vart formidla ved bruk av blant anna levande dyr og personar ikledd flotte kostymer (sjå bilete ovanfor). Og ikkje minst kjente vi på gleda over å kunne sjå kvarandre att.

Open kyrkje

Hausten 2020 vart det igangsett, midt i pandemien, eit tilbod om «open kyrkje». Kvar torsdagskveld, i tida 18-20 var det tilbod om å kome i kyrkja. Organisten har spela og det var alltid minst to frivillige frå kyrkjelyden til stades. Det var blant anna høve til å tenne ljøs, skriva bønnelappar eller berre sitje, så lenge ein ville. Tilbodet har vore nytta av mange og vil halde fram også i 2021.

Kva nå

Soknerådet er spente på kva denne tida har gjort med kyrkjelyden. Det kan koma noko godt ut av det me har vore gjennom. Det har vore mange gode digitale tilbod, frå ulike menighetar/forsamlingar det siste året. Men trusfelleskapet – der me møtest fysisk og ser kvarandre – på tvers av generasjonar, kjønn, yrke og erfaring har me (heldigvis) sakna. Soknerådet meiner at digitale tilbod kan supplera, men aldri erstatte det å kunne møtast fysisk i kyrkja til gudstenester eller i heimane i små fellesskap.

Soknerådet har som vanleg hatt møte ca. ein gong i månaden og dei fleste har vore med fysisk oppmøte – heldigvis. Det har vore godt å kunne møtast, men vanskeleg å leggja planar fordi alt har

vore så usikkert. Vi vil nedanfor kort nemne saker som har vore viktige og som framover vil vera viktige for soknerådet å bruka tid på:

Viktige saker:

- **FRIVILLIG ARBEID.** Det er viktig for kvar einskild å bli, både utfordra og oppmuntra, til å bruke dei gåver og talentar kvar einskild har blitt utrusta med. Men det er og svært viktig for kyrkjelyden at dette skjer. For soknerådet er det viktig å ha fokus på korleis me kan leggja til rette for, og oppmuntre til det frivillige engasjementet.
- **TRUSOPPLÆRING.** Trusopplæring er viktig både for gamal og for ung. Me har ein god trusopplæringsplan for aldersgruppa 0-18 år. For aldersgruppa over 18 år var me i 2020 godt i gang med Alpha kurs for vaksne. Undervisninga vart gjort av frivillige i menigheten. Andre frivillige tok på seg ansvar for matlaging. Vi planlegg å starte opp att dette så snart det let seg gjere.
- **SMÅGRUPPER/HUSFELLESKAP.** Gruppene i menigheten er viktige for at den einskilde kan få hjelp til å leva som Jesu læresvein i kvardagen. Dei er òg ein god reiskap for læring og vekst i menigheten. Framover vil vi difor fornya satsinga på desse gruppene og knyta dei tettare til menigheten sin overordna strategi om å nå fleire med evangeliet.
- **PODCAST.** Når me har gudsteneste med sundagsskule er det mange foreldre som fylgjer borna sine. Dei får difor ikkje høyra preika. Mange har sakna dette og mange har også yngst å kunne høyra preika igjen. Ivan har i 2021 lagt ut ein podcast serie med taler om bergpreika. Responsen er god og alle preiker vil snart bli lagt ut som podcast slik at ein kan lytte til hans gode forkynning på tidspunkt som passar den einskilde.
- **NY KYRKJESTOGE.** Ny større kyrkjestoge har kvart år blitt drøfta både på årsmøtet og i soknerådet. Behovet for ny kyrkjestoge blir berre tydlegare for kvart år men framleis er finansieringa den store utfordringa.
- **PARKERINGSPLASSEN.** Alle vedtak om økonomiske bevilningar og reguleringsplanar som gjeld utviding av parkeringsplassen vart gjort hausten 2020. Sjølv utvidinga blir truleg gjennomført i løpet av 2021.
- **KOMMUNAL STØTTE.** Klepp kommune sendte i 2020 ut på høyring nytt forslag til reglar for kommunal støtte til lag og foreiningar. Soknerådet har gjeitt tilsvar. I svaret vart det lagt vekt på kor viktig trusfridomen er for eit demokrati og at ein ikkje må økonomisk straffe dei som ikkje er einige med fleirtalet.

Økonomi

Dagleg leiar, ungdomsarbeidar og trusopplærar vert delvis løna av innsamla midlar. Den faste gjevarteneste er pilaren i økonomi vår. I 2020, med få gudstenester og lite ofringar har heldigvis den faste gjevartenesta vore nesten uendra. Rekneskapen for 2020 viser difor eit overskot på NOK 54 225.

Me har og oppsparte midlar som i hovudsak kjem frå testamentariske gåver. Soknerådet vedtok i 2019 å bruke nokre av dei oppsparte midlane til å investere i nytt utstyr for bilete i kyrkja og i kyrkjestova. Totalt var investeringa på ca. NOK 370 000 (ex.mva) og denne vart gjennomført i 2020.


Dei nye skjermene og den andre tekniske oppgradering har vist seg å innfri dei krava me hadde til dette utstyret.

Soknerådet

Det er 3 kvinner og 3 menn i soknerådet. Gjennomsnittsalderen på dei innvalde er nå 40 år. Soknerådet vel sjølv leiar og nestleiar. For 2020/2021 er Nicolai Homme vald som leiar og Torunn Renate Bore vald som nestleiar.

Soknerådet nyttar på kvar samling god tid til skriftlesing, samtale og bøn, samt samtale om arbeidet generelt, og om strategien. Ein laurdag i januar har me normalt eit eige strategimøte. Alle møter og referat er offentlege.


Bore Sokneråd
24. mars 2021


Nicolai Homme
Leiar



Torunn Renate Bore
Nestleiar



Marita Midtun Finstad
Medlem


Jonas Berge
Medlem


Jens Kåre Stokka
Medlem


Elisabet Haarr
Medlem


Ivan Fjeld
Medlem


Torill S. Bøen
Varamedlem

BORE SOKNERÅD - REGNSKAP 2020		
	<u>Regnskap 2020</u>	<u>Regnskap 2019</u>
INNETEKTER		
Fast gjevartjeneste	515 322	516 150
Ofringar til menighetsarbeidet	54 721	99 709
Offer til menighetens misjonsprosjekt	21 622	29 202
Offer til andre formål / organisasjonar	79 940	151 302
Deltakaravgift weekend og inntekt frå arrangement	71 314	174 636
Offentlig støtte til ungdomsarbeid	43 214	46 309
Offentleg støtte til trusopplæring	355 300	368 569
Andre inntekter	36 591	126 676
Sum inntekter	1 178 024	1 512 553
KOSTNADER		
Overført til NMS- (menighetens misjonsprosjekt)	21 622	29 202
Overført til andre lag og organisasjonar	79 940	151 002
Gaver til misjonsprosjekt	8 500	8 500
Lønn og sosiale utgifter	786 471	882 277
Kurs og undervisning	2 595	8 538
Kostnader til barne- og ungdomsarbeid	10 685	11 180
Kostnader til lyd og bilete og inventar	11 807	11 387
Kostnader til weekend og arrangement	38 665	96 966
Øvrige kostnader til drift og arrangement	173 301	173 820
Sum kostnader	1 133 586	1 372 872
Renteinntekter	9 787	16 000
Rentekostnader	0	-256
Netto renteinntekter (kostnader)	9 787	15 744
Overskot (-underskot)	54 225	155 425
Disponering av årets resultat		
Avsetning til (bruk av) bundne fond	21 188	-2
Overført til disposisjonsfond (bruk av fond)	33 037	155 427
Sum disponera	54 225	155 425
BORE SOKNERÅD - BALANSE		
	<u>Regnskap 2020</u>	<u>Regnskap 2019</u>
EIGENDELAR		
Utstyr i kyrkja og kyrkjestoga	468 794	
Fordringar	122 059	35 712
Bankkonto	395 019	300 425
Bankkonto - særvilkår	1 263 976	1 754 841
Sum eigendelar	2 249 848	2 090 978
EIGENKAPITAL		
Bundne fond	33 955	12 767
Kapitalkonto	468 794	
Annan eigenkapital	1 735 830	2 051 874
Sum eigenkapital	2 238 579	2 064 641
SUM KORTSIKTIG GJELD	11 269	26 337
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	2 249 848	2 090 978

TILSETTE I BORE KYRKJELYD I 2020

Namn	Stilling	St.prosent
Ivan Fjeld	Sokneprest	100 %
Ove Byberg	Organist	35%
Elin Underhaug Kanu	Organist	45%
Kari Haavardsholm	Sekretær	25%
Ingelin Hatteland Nordbakke	Diakon, i heile fellesområdet	100%
Johannes B Voll	Trusopplærer ungd.,	70% Delvis lønna av kyrkjelyden, delvis permisjon
Marit Byberg	Reinhald, i heile fellesområdet	60 %
Ketil Terning	Kyrkjetenar, man-laur, i heile fellesområdet	100%
Liva Lindtveit	Kyrkjetenar	10%
Arne Tveranger	Teknisk medarbeidar	10%
Solfrid Vigdel Skalvik	Trusopplærer	70% Delvis lønna av kyrkjelyden
Elin Anita Garpestad	Dagleg leiar	75% Delvis lønna av kyrkjelyden

ÅRSRAPPORT FOR DET DIAKONALE ARBEIDET I BORE MENIGHET 2020

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar. Lokal plan for Bore kyrkjelyd blei omarbeida og revidert. SR godkjente planen 30.09.20

Diakoniutvalet Bore

Kjersti Meling Berge (til 07.09), Torunn Renate Bore - repr. for soknerådet, Wako Roba, Liv-Astrid Hausberg og Ingelin Hatteland Norbakken, diakon og sekretær. Utvalet har hatt 2 møter og hatt oppe 8 saker.

Diakonale tiltak i Bore, 2020

- Besøkstenesta i Bore inneheld jubilentbesøk ved fylte 85 og 90 år. Besøka er gjennomført av to frivillige, diakoniutval og prest. 9 jubilarar ble besøkt. Nokon få i Bore kyrkjelyd har bruka tilbodet om samtaler med diakon pr. telefon Oppfølging av etterlatte skjer individuelt ved behov via telefon. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlatte etter dødsfall, som er et samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes og Sola, men pga smittesituasjonen har det vore utsetting og kontakt via telefon.
- Årets Seniorfest blei arrangert 3.mars på Kleppe bedehus. Elfin Lea var gjest. Det var òg sal av årer, mat, song, musikk og allsong med innslag av songgruppe frå Bore. Det var i underkant av 80 stykk på festen og årets 80 åringar var særskilt invitert.
- Det har vore få institusjonsandaktar. Det same med samtaler og besøk.
- Diakoniutvalet deltok på diakonigudsteneste i februar og laga bønnesasjonar.
- Gudstenestane med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 6 samlingar. I tillegg til prest, organist og diakon er det tre frivillige med frå Klepp.
- Bønnearbeidet i Bore har eit rikt mangfald. Her er bønnekort, bønnekort for konfirmantane, bønn i heimane, bønn i gudstenesta mm., I Nabobønn er Bore sokn delt inn i soner og dekkar av forbønn. I tillegg var det inspirasjonssamling i haust. I februar og mars vart det arrangert ei bønnevandring rundt heile Klepp kommune. Dette var ein god måte å bruka bønn, stilla og det å samlast på.
- Det blei starta Open kyrkje i november og desember med organist og frivillige.

Samarbeid med Klepp kommune

- Det einaste samarbeidet med kommunen som har vore gjort regelmessig gjennom året er telefonkontakt med besøkstenesta, Hverdagsvenn. Tre frivillige er med i tenesta frå Bore.

Samarbeid med andre menigheter, fellesråd og andre organisasjonar

- Kvinnernes internasjonale bønnedag 6.mars var i kyrkjestova på Bore, ca. 10 stykk.
- Julegaveaksjonen deltok Bore kyrkjelyd på òg i år.
- Minnegudstenesta 1.nov. blei i år arrangert lokalt i Bore kyrkje ved prest, organist og frivillige.

EI STOR TAKK til alle frivillige medarbeidarar i Bore kyrkjelyd i ei til tider utfordrande og annleis tid.

Ingelin Hatteland Norbakken, diakon

ÅRSRAPPORT FOR KRAFTFÔR

Barn 0-12 år

Medlemmar i trusopplæringsutvalet 2020 har vore:

Siri B. Lindtveit, Marit Irene Haugstad, Elisabeth Haarr (representant for soknerådet) og Solfrid Vigdel Skalvik (menighetspedagog). På grunn av koronasituasjonen har ikkje utvalet hatt møte i 2020.

Bore kyrkje sin plan for trusopplæring heiter «Kraftfôr». Året 2020 har vore eit svært annleis år for alle, og koronasituasjonen har i høgste grad fått innverknad på breiddetiltaka i trusopplæringsplanen. Med strenge reglar for smittevern og avstand, har me fått kjenne endå meir enn før på kor små lokale me har til arrangementa våre. Fleire av breiddetiltaka måtte utgå dette året.

Trass i mykje negativt dette året, er det heldigvis og positive ting å rapportere om. Mellom anna hadde to av dei tiltaka som vart gjennomførde dette året, faktisk deltakarrekord (sjå lengre ned i rapporten).

Etter oppmoding frå bispekontoret, er heile Kraftfôrplanen gjennomgått og revidert i år. Bispekontoret har lese den reviderte utgåva og kome med svært gode tilbakemeldingar. I Planvurderinga me har fått frå bispekontoret står mellom anna: *Bore menighet når mange barn og unge gjennom sitt solide trosopplæringsarbeid. Menigheten er utviklingsorientert og jobber reflektert med trosopplæring. Dette bidrar til at det gjøres endringer underveis. Det er veldig bra.*

Bore sokn har gjennomført følgjande breiddetiltak for barn 0 – 12 år i 2020 :

0 år Dåp og Dåpssamling

Cirka ein gong kvar månad har prest og menighetspedagog ei samling for fleire dåpsforeldre som skal ha dåp i næraste framtid. Sidan nedstenginga i mars har desse samlingane utgått, og Ivan har hatt kontakt med dåpsforeldra kvar for seg. Det har vore nødvendig med eigne dåpsseremoniar, i staden for dåp på gudsteneste. Det er gledeleg at dåpstala ikkje ser ut til å ha blitt påverka negativt av koronasituasjonen.

0 år Babysong og Småbarnssong

Det har vore to kurs i Babysong også dette året; eit kurs i vårsemesteret (10 påmelde) og eit kurs om hausten (10 påmelde). Vårkurset vart stoppa etter kun ei samling, på grunn av koronasituasjonen. Haustkurset hadde 9 samlingar, og vart gjennomført

med god avstand, og nokre små justeringar i opplegget på grunn av smittevern. Solfrid leia Babysong i 2020.

I vår hadde me og Småbarnssong, fram til nedstenginga i mars. Det var samlingar utan påmelding, på ettermiddagstid, samtidig med Barnekoret sine øvingar. Margit Kristine Homme Grude leia Småbarnssong våren 2020.

3 år Søndagsskulebesøk.

Søndagsskulen planlegg og gjennomfører kvar haust ei samling der 3-åringane er spesielt inviterte. På grunn av koronasituasjonen, og liten plass i kyrkjestova, valde Søndagsskulen å lage til «Supersøndagsskule» i Vollhallen i september. Då vart og 3-åringane inviterte, og Solfrid laga til ein aktivitet særleg retta mot dei. Dette vart eit særst vellukka arrangement, med 130 deltakarar totalt. 18 3-åringar deltok og fekk utdelt bok, noko som er rekorddeltaking for dette tiltaket (om lag 50 % av medlemstalet).

4 år Utdeling av 4 års bok.

Då tida kom for utdeling av Barnebibel til 4-åringar, hadde det nettopp kome innstramingar i samband med smitteauke. Utdelinga vart difor gjennomført i små grupper dette året. Alle påmelde fekk klokkeslett for fram møte. Etter registrering i våpenhuset, vart dei ønska velkommen nedst i midtgangen. Lengre framme i midtgangen fekk barna høyre om då Gud skapte verda. Framst i koret fekk barna utdelt boka si, saman med ei teikneoppgåve og litt laurdagsgodt. Etter 10 minutt gjekk gruppa ut bakdøra, og ei ny gruppe stod klar i våpenhuset. Sjølv om dette vart svært annleis enn vanleg, fekk me gode tilbakemeldingar. Utdelinga vart meir personleg og koseleg enn vanleg, og eg vil tru at den enkelte kjende seg meir sett nå enn i ei fullsett kyrkje. 70 % av 4-åringane som er medlemmar deltok (26 barn).

6 år Dåpsskule

I januar og februar hadde me Dåpsskule. Dåpsskulen gjekk over 4 tysdagar, rett etter skuletid, og vart avslutta med familiegudsteneste og stappfull kyrkje. Også dette året leigde me kjellaren på bedehuset, men på grunn av rekordstor deltaking, måtte me flytte opp i hovudetasjen på bedehuset. Siste samlinga vart lagt til kveldstid saman med foreldre dette året. Då kom barna gruppevis for å prøve hoppeslottet, få litt å ete, og vere litt i kyrkja. I kyrkja fekk dei tenne lys saman med Elin Anita, og lære litt om orgelet av Ove. Det var 42 påmelde 1. klassingar, det vil seie at ca 70 % av medlemmane deltok. Dette var ein stor og aktiv gjeng, og fleire i staben vart involverte dette året for å få gjennomført Dåpsskulen på ein trygg og forsvarleg måte.

9 år Leksehjelp med trusopplæring.

Dette tiltaket er eit samarbeid med Bore bedehus, og vert drive utelukkande av frivillige medarbeidarar. Kvar tysdag i skuleåret samlar dei 4. klassingar på bedehuset rett etter skuletid til trusopplæring, leksehjelp, mat og spel. Det var 14 barn påmelde skuleåret 2019/2020.

I 2020 hadde Leksehjelp 9 samlingar før nedstenginga i mars. På grunn av koronasituasjonen har det ikkje vore mogleg å starte opp att. Leiarar på Leksehjelp 2020 har vore: Torjus Frøvik, Karen og Oddvar Høie, Jorunn Ur Hagalid, Hild Arna Bjånes Voll, Geir Magne Hauge, Olav Vestvik, Anne Mundal og Randi Kjøllesdal.

Sjølv om det ikkje har vore breiddetiltak for alle årskull dette «koronaåret» 2020, så har me likevel hatt tilbod til barn og barnefamiliar i denne tida. Stab og frivillige har samarbeida godt for å prøve ut nye typar arrangement. Nokre av desse har vore så vellukka, at dei kanskje er komne for å bli? Eit godt døme på det er julevandringa i desember. Dei 222 deltakarane fekk ei fantastisk fin oppleving utanfor kyrkja i desembermørkret, og dei nær på 40 medverkande fekk saman formidla juleevangeliet på ein flott måte. Det var mange godord å høyre i etterkant, både frå medverkande og frå deltakarar.

Barnegudstenestene denne hausten vart og til på grunn av koronasituasjonen, men me håpar dei vil leve vidare som «Familiesamlingar» etter kvart. Før sommaren fekk me ha familiegudsteneste med aktivitetar for barna på fotballbanen utanfor Vollhallen. Det vart ein strålende dag som mange sette pris på.

Våren 2020 vart det laga digitale tilbod til barn og familiar; formidling frå kyrkjestova to gonger og frå kyrkja på Palmesøndag, syngespel om Pinse, og digitale helsingar frå Ivan, Bjarne og frivillige i kyrkjelyden. Ein ekstra takk til Torunn Renate Bore, som laga adventskalender med 24 episodar som Bjarne, saman med «Lisa» frå Klepp.

Tusen takk til alle som har vore med som frivillig medarbeidar på eitt eller fleire tiltak, eller andre arrangement, i 2020. Me er svært taknemlege til kvar og ein for innsatsen i dette viktige arbeidet!

Solfrid Vigdel Skalvik
Menighetspedagog

ÅRSRAPPORT FOR BORE BARNEKOR

Barnekoret er for barn frå cirka 4 år og opp til og med 2. klasse. Det er overvekt av 4- og 5-åringar i koret. Me har øving kvar måndag frå kl. 17.15-18.00, med registrering frå kl. 17.00. Musikken spelar me via anlegget (spotify). Det er andakt på kvar øving, og gjerne ein liten leik. Av og til spelar me på rytmeinstrument, og det hender me nyttar kostymer til enkelte songar. Det er kaffe til foreldre som venter i kyrkja under øvinga.

I 2020 fekk me ha 6 øvingar, før alt stengde ned i mars. Nokre barn hadde slutta til jul, men me var veldig glade for at nye barn ville vere med frå januar. Me var ca 25 barn i snitt på desse øvingane. Det var veldig kjekt å kunne tilby Småbarnssong til dei aller minste samtidig med korøvingane. Margit Kristine leia desse samlingane i kyrkjestova, som 10-15 barn (1-3 år) med foreldre deltok på kvar gong.

Det var trist å få ein slik brå slutt på vårsemesteret. Me veit at mange av barna og foreldra sakna koret veldig i vår. Heldigvis betra koronasituasjonen seg før sommaren, slik at me fekk lage til ei kjekk sommaravslutning før ferien. Det var noko både barn og vaksne trengte; å få treffast igjen, og ha ei kjekk stund i lag.

Avslutninga hadde me i kyrkja, og me følgde sjølvstilt gjeldande koronareglar med antibac og avstand. Elin Anita var med frå stab, for mellom anna å hjelpe med registrering. Barna som deltok hadde meldt seg på, og kom saman med ein vaksen. Samlinga vara om lag ein halv time. Då fekk me sunge nokre av sangane våre i lag, me hadde kort andakt med dramatisering, og ein enkel leik («Kvar kjem lyden frå?»). Det var nok litt rart for barna å måtte halde seg i benkene heile tida, men andleta var smilande og songen vart god. Til slutt fekk alle barna ein gåvepose med seg heim, og dei vaksne fekk ein boks med aktivitetskort (tips til korleis ein kan markere ulike merkedagar i familien).

Bore barnekor har dessverre hatt «koronapause» hausten 2020. Det vart vanskeleg å starte opp att etter sommaren når alt var så usikkert, og smittevernreglane så strenge.

Leiarar i Bore barnekor 2020 har vore:

Hege Skrikrud dirigent
Solfrid Vigdel Skalvik kontaktperson
Dan Egil Skrikrud Teknikk
Maiken Borsheim Jacobsen
Maren Versland

Solfrid Vigdel Skalvik menighetspedagog

ÅRSRAPPORT FOR UNGDOMSARBEIDET

Opptur (navn på konfirmantsamlingene)

2020 ble året hvor vi måtte tenke nytt og gjøre ting annerledes.

Vi gleder oss over å ha kunnet gjennomføre omtrent alt av konfirmantopplegg for 05-kullet. Det som ble veldig annerledes, var konfirmantfesten og fasteaksjonen.

Konfirmantfesten ble ikke lett å gjennomføre med alle restriksjonene knyttet til matsservering og antall folk samlet.

Vi fikk likevel servert konfirmantene pizza i mindre grupper i forbindelse med kappeprøving, øving og fotograferingen. 😊

Fasteaksjonen ble nasjonalt kun gjennomført digitalt.

Konfirmasjonene ble flyttet til oktober. Da ble grupper av konfirmanter med foresatte samlet til egne gudstenester som også ble streamet i lukkede visninger. Det var i alt 4 konfirmasjonsgudstenester der 41 konfirmanter ble fordelt.

Fra høsten av, startet neste kull, 06-årgangen.

Dette er et annerledes år for oss på flere måter.

Orre-elevene for dette kullet går på Bore ungdomskule. Vi så det derfor som naturlig å slå dem sammen med Bore-konfirmantene i år.

Av praktiske årsaker flyttet vi samlingene til etter skoletid. Hver samling starter med litt mat og deretter undervisning.

Vi har i år hatt en meget god påmelding. (54 påmeldt av 53 medlemmer 😊)

Det er også 16 stk. fra Orre, altså 70 konfirmanter til sammen.

Vi har jobba tett og godt sammen med Orre hvor Jarle Minnesjord har hatt mesteparten av undervisningen, Jeg har tatt det meste av det administrative. Solfrid og Erik Gjerdahl har vært gode medhjelpere.

Dette kullet har også blitt preget av koronarestriksjoner. Vi ble dessverre nødt til å avlyse/utsette? Evje-weekenden i august. Ellers har vi klart å gjennomføre alle samlinger utenom en.

Sosialopptur er blitt gjennomført for nesten alle, kun ei lita gruppe gjenstår. Disse har vært på paintball, klatring og surfing.

Nytt av året var det at vi arrangerte en egen konfirmantkick-off konsert i forbindelse med Jærgårds. Her deltok ca 190 konfirmanter fra Klepp frikyrkje, Fokus og Bore/Orre/Klepp kyrkje. Det var så positivt at det er ønskelig å få dette til også i framtiden.

BaseKamp

Vi har også et frivillig tilbud for de konfirmantene som ønsker å få enda mer ut av konfirmantåret. Dette er sammen med Klepp, Orre og Bore og kalles Basekamp.

Basekamp har samlinger en gang pr. måned hvor vi har litt undervisning og samtale rundt temaer som opptar ungdommene og gir dem trygge og gode rammer for spørsmål og samtale.

Vi er totalt 33 stk på BaseKamp, hvorav 12 tilhører Bore.

Tiltak som dessverre ikke lot seg gjennomføre i 2020: Newbie og Konf.reunion

Ny trusopplærer i Bore.

Jeg hadde formelt min siste arbeidsdag i midten av desember.

Jeg er veldig takknemlig for tida mi som trusopplærer i Bore.

Det har både vært spennende, givende, men også til tider svært krevende å ha denne viktige jobben.

Fra slutten av januar overlater jeg roret til Jarle Stokka, men jeg vil bli med som frivillig etter ønske og behov en tid fremover.

Johannes Voll, trusopplærer

Ungdomskoret Håp



I 2020 hadde Håp øvingar kvar onsdag 17:30-20:00 fram til mars. Etter dette vart det avgjort at Håp tek ein pause.

Eli Synnøve Gravdal, styreleiar.

ÅRSRAPPORT FOR SØNDAGSSKOLEN

BORE KYRKJE SØNDAGSSKOLE 2020

2020 har vært et annerledes år for også for søndagsskolen. Vi hadde vi tre vanlige søndagsskoler før landet stengte ned i mars pga covid 19. I september hadde vi Supersøndagsskole i Vollhallen der 3 åringene ble spesielt invitert som del av trosopplæring. Vi hadde samling med drama, sang og dans og etterpå brukte vi hele Vollhallen til mange morsomme og forskjellige aktiviteter. Det kom mange, vi var 130 stk. Vi har også hatt søndagsskolesamling i kirka med drama, dans og sang. Etterpå fikk barna skyte med paintball, kaste blink på ballonger og hoppe i hoppeslott. I stedetfor juleverksted var søndagsskolen med på Julevandring sammen med resten av menigheten. Det var en knallfin måte å gi juleevangeliet til bygda. Lederne i søndagsskolen var med i planlegging og var Maria og Josef, eieren av stallen, de tre visemenn og engel og guide. Dette gjør vi gjerne igjen.

Våre fantastiske ledere i 2020: Kjell Værnes, Anders Gjetmundsen, Gaute Hovtun, Trond Berge, Margit Kristine Grude, Kristina Haugen Kåstad, Gerny SlettbøVoll og Anne Brit Espeland.

«La de små barna komme til meg og hindre dem ikke for Guds rike hører slike til»

Anne Brit Espeland

Hovedleder

ÅRSRAPPORT FOR SPRELL LEVANDE

Sprell levende har hatt samlinger i Sørhellet barnehage. Det har vært 2 samlinger på en lørdag i måneden januar og februar. På samlingen i januar var det 16 barn og på samlingen i februar var det 17 barn. På grunn av pandemien covid-19 har det ikke vært flere samlinger i 2020.

Hver samling varer i en time fra kl. 10-11.

Søndagsskolen har 2 grupper, en for barn under skolealder og en for barn i skolealder 1.-4. klasse der eldre skolebarn også er velkommen.

Søndagsskolen er tilknyttet Norsk Søndagsskoleforbund.

Året 2020 var det 4 ledere: Anne Breistøl Anda, Aud-Norunn Myklebust, Manuela Sevland og Marit Irene Klüver Haugstad.

Marit Irene Klüver Haugstad, hovedleder i Sprell levende Sørhellet

ÅRSRAPPORT FOR NÅDEPULS

NÅDEPULS

Nådepuls er en kveld med lovsang og tilbedelse, med mulighet for å dele liv og vitnesbyrd. Vi ønsker i størst mulig grad å la Gud lede disse kveldene. Nådepuls-teamet består av Jens Kåre Stokka, Karine Eikeland Stokka, Kristine Tveranger Stokka, Ingvar Kjøllesdal og Hanna Voll Kjøllesdal.

Før coronasmitten ble det arrangert to Nådepuls i 2020. Oppmøtet var ca 100-130 per gang. Nådepuls ble arrangert på søndager kl.20:00, og varte i en god times tid, hvor det var mulighet for å bli igjen for kaffe og drøs i kirkerommet. Lovsangen ble ledet av musikere fra menigheten og omegn. Forbønnstjenesten stilte hver gang med forbedere, og tilbudte også velsignelse rundt alteret. Randi Kjøllesdal og Hild Arna Bjånes Voll tok på seg ansvaret for at det ble servert kaffe og noe å bite i, og Hans Voll tok rollen som kirkevert.

Etter at det ble restriksjoner i forbindelse med coronasmitten ble det arrangert Nådepuls en gang i juni og to ganger på høsten. På disse kveldene kunne vi ikke tilby forbønn, velsignelse rundt alteret, og det var heller ikke lagt opp til kaffe og drøs i kirkerommet. I tillegg var det begrensninger på hvor mange som kunne samles, 50 personer i juni og 70 personer på høsten. Vi arrangerte disse med påmelding, og det ble fullt på alle.

Vi opplever at flertallet av de oppmøtte er fra Bore sokn, men at det også kom flere besøkende fra rundt om i fylket. Vi i teamet synes det er kjekt at Nådepuls har blitt en arena hvor vi kan samles på tvers av menigheter, og er spent på hvor Gud tar dette videre.

ÅRSRAPPORT FOR DET MUSIKALSKE ARBEIDET

ÅRSRAPPORT FOR DET MUSIKALSKE ARBEIDET 2020

Ansvarsområde Elin Underhaug Kanu:

Samtalegudsteneste | kansellert i mai pga korona

Konfirmasjonsgudstenester | utsatt pga korona. Gjennomført september 2020.

Førjulsgudsteneste | kanselert pga korona.

Julafta & 1.juledag | Ove

Gravferder | Har gått sin gang. Begrensa song pga avstandskrav på 1-2 meter mellom deltakarane. Forhåndsspeling kjente og kjære bedehussongar, folketonar, & klassiske stykke. Solistakkompagnement på orgel eller piano eller med eigne musikarar, Avtaler ekstra øving om naudsynt.

Vigsler | Prøver å imøtekoma brureparets ønsker om inn- og utgangsmusikk, salmer og solo-ønsker. Dette sit litt langt inne hjå enkelte. Her og avtalas øvingsstad og tid med dei innhyra solistane.

Gudstenester | Tre typar gudstenester, ein av kvar i månaden: G2, familiegudstenester og «vanleg» gudsteneste/høgmesse med orgel. Kvar har sitt preg.

G2 er med band | trommer Hanne Vika Damsgård; bass Fredrik Frøyshov, Bent Horpestad (lånt frå Klepp til konfirmasjonsgudstenester); el-piano Elin U Kanu, Siv Iren Værnes, forsongarar Siv Iren, Elin, Hege Skrikrud, Rune Slettbakk, Kristine Tveranger; gitar Magnus Utsogn (konf gudstenester). Øver onsdagskveldar mellom G2 gudstenestane.

Familiegudstenester | Forsongarar Maria Voll, Mathea & Jenny Haarr Gjetmundsen

Barnegudsteneste (nytt av året) | Forsongarar: Elvira, Maria & Gerny Voll, Mathea & Jenny Haarr Gjetmundsen, Hanna Kjøllesdal, Kristine Tveranger, Kristine Kåstad. Musikkakkompagnement på playback og Elin piano.

PÅSKE innspelningar i kyrkja med lyd & bilde ved Terje Idsøe

Skjærtorsdag: Margrethe Skalvik (solosong), Ivan Fjeld (andakt, velsigninga), Elin Underhaug Kanu (song&piano). Songar: Se nå kommer Jesus, Palmesøndag, Må Gud velsigna deg.

Langfredag, 1.påskedag Ove + tekstlesarar

«Det er Pinse» syngespel av Ivar Skippervold. Opptak, og lagt ut på nettet 1.&2.pinsedag / medverkande SANG Veronika Haugstad, Sofie Melkevik, Ella & Even Vigdel, Margrethe Vigdel Skalvik, Elin; Lesing (stab): Ivan Fjeld, Solfrid Vigdel Skalvik, Elin Anita Garpestad, LYD 😊 Dan-Egil Skrikrud & Tommy Idsal. Elin var i kontakt med Ivar Skippervold som ga oss lov å bruka notene til syngespelet fritt, kopiera og skanna. Kyrkja betalte for notene.=) Me brukte veke 21 til å øva på Teams (digitalt)med songarane. Innspeling veke 22. Kort gjennomgang i kyrkja før opptak tysdag og onsdag ettermiddagar.

Nådepuls | vert arrangert av friviljuge, og vert arrangert ein sundagskveld i månaden.

Julevandring søndag 20.12: storsatsing med mange friviljuge. Håp reunion deltok som englekor på «GLORIA» stasjonen, i kvite kappar delvis under partytelt. Gerny som «sjefsengel», Maria som yngste &maskot, Arne T på el-piano på stor tilhengar. Elin haldt det gåande med julesongar på orgel idet folk kom inn for å la seg innskriwa i manntal i kyrkja. Spelestopp medan gjetarguidar orienterte om julevandringas gang.

Takk til alle som har bidratt med flott teneste gjennom året.

Ansvarsområde Ove Byberg:

Året har vært preget av korona og at jeg har vært sykemeldt en lengre periode.

Gudstjenester/kirkelige handlinger har gått etter planen med de andre organistene.

Når det gjelder gudstjenester har jeg hatt én per mnd. samt påske og jul.

Forsangere har blitt brukt ved introduksjon av ny liturgi, 1. s.i.a., og julaften og 1. juledag, og på minnegudstjenesten allehelgensdag.

Langfredag og 1. påskedag ble det gjort opptak av, og det var med forsangere som fungerte som menighet. På 1. påskedagsopptaket var det i tillegg med trompet.

Julaften og 1. juledag var det med forsangere og blåsetrio. Alle var samlet på galleriet. Dette var med på å løfte gudstjenesten og skape høytid, ikke minst på juledag, og gav mulighet til å bruke et større repertoar av musikkliteratur og arrangementer, både ved salmepill og postludium.

Dette har vært kjekt og berikende å være med på til tross for koronasituasjonen som har lagt store begrensninger på aktiviteten.

Jeg vil rette en stor takk til Arne Tveranger og Ester Mossige for uvurderlig hjelp med noter og arrangementer.

Elin Underhaug Kanu & Ove Byberg, organist